

Bjørsvik Båtlag  
Helge Blåsternæs  
Bjørsvikvegen 9  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7071 - 20/14701

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:  
16.03.2020

## Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 231/70 Bjørsvik kai

**Tiltak:** utvida bruk av avkjørsle  
**Byggjestad:** Gbnr: 231/70  
**Tiltakshavar:** Bjørsvik Båtlag  
**Ansvarleg søker:**

Delegertsak nr.: 296/20

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for utviding av flytebrygge for Bjørsvik båtlag.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Det er søkt byggesak om løyve til utvide med nye båtplassar på flytebrygga til Bjørsvik Båtlag.  
I den samanheng er det behov for utvida bruk av avkjørsle til kommunal veg då det vil føre til mindre auke i trafikk til og frå Bjørsvik kai.

#### Vurdering/drøfting:

Det ligg føre ein avtale om tilkomst til båthavna via kommunal veg og kaiområdet. Ved ei utviding av kapasiteten i båthamna vil det på lik linje med andre brukarar av det kommunale vegnettet, vere krav til utvida bruk av avkjørsle til kommunal veg. Det er viktig at kommunal veg og vegen sitt sideareal til ei kvar tid er open for normal drift og vedlikehald. Det skal ikkje stå bilar parkert langs offenleg veg som er til hinder for sikt, utsynskøyretøy og normal framkome for alle typar køyretøy.

#### Samandrag/konklusjon:

Det kan gis tillatelse til utvida bruk bruk av avkjørsle til kommunal veg for utviding av flytebrygge i Bjørsvik.

**Vedtak:**

Alver kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegenormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt veginnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukskarane av avkjørsla.
- Vegen skal til ei kvar tid:
  - vere open for drift og vedlikehald av veg og vegen sitt sideareal.
  - vere open for tilkomst for utrykningskjøretøy og normal framkome for alle andre kjøretøy.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

**Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bjørsvik Båtlag

Bjørsvikvegen 9 5993

OSTEREIDET